

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 15.08.2018
SAKSHANDSAMAR: Gina Beate Holsen
SAKA GJELD: **Etiske retningslinjer for Helse Vest**

ARKIVSAK: 2018/501
STYRESAK: **091/18**

STYREMØTE: **05.09. 2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Etiske retningslinjer for Helse Vest

Oppsummering

Styret blei sist orientert om Helse Vest sine etiske retningslinjer i styresak 030/17. Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Fakta

Ved behandling av saka i styremøte 29. februar 2016 går det av protokollen fram at dei etiske retningslinjene ville bli gjennomgått og revidert i 2017.

Helse Vest sine Etiske retningslinjer blei gjennomgått og revidert i november 2017. Dei reviderte retningslinjene blei presentert i møte med dei konserntillitsvalde og konsernhovudverneombodet 28. november 2017. Endringane blei informert om, og dei blei tatt til etterretning utan merknader. Ny versjon er lagt på Helse Vest sitt internett, og den er også sendt til kommunikasjonsavdelingane i HF-a for å oppdatere sin versjon.

Revisjonen medførte at det ble lagt til ein setning i Etiske retningslinjer, sjå markering med feit skrift under.

1.3 Rapporterings- og varslingsplikt

*Vi pliktar å melde frå til leiaren om forhold vi blir kjende med som kan påføre pasientar, medarbeidarar, verksemda eller omgivnadene tap eller skade, slik at det kan setjast i verk tiltak for å unngå eller avgrense tapet eller skaden. **I tillegg har helsepersonell varslingsplikt, jf Helsepersonellova §17.***

Kommentarar

Etiske retningslinjer for Helse Vest

Styret behandla i møte 7. mai 2012 sak om etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest – sak 048/12 B. I vedtaket bad styret om at etiske retningslinjer årleg blei lagt fram for styret til behandling.

I tillegg til etiske retningslinjer er det også utarbeidd 11 andre rutinar, retningslinjer, samarbeidsavtalar og erklæringar innafor ulike fagområde i verksemda som sakleg knyter seg opp mot dei generelle etiske retningslinjene. Desse blir løpande oppdatert og kan lastast ned frå www.helse-vest.no/etikk, sjå vedlagt.

I tråd med styret sitt ønske blei det i 2017 gjennomført ein gjennomgang og revisjon av dei etiske retningslinjene.

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor føreslår administrerande direktør at styret tek gjeldande styrande dokument til etterretning.

Vedlegg:

Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest